



Skakke SA  
Strondavegen 30  
5590 ETNE

Dato: 22.02.2018  
Vår ref.: 2014/11877-25  
Saksbehandlar: krigilh  
Dykkar ref.:

## Skakke - gjenkjøp av seksjon i sameiget

Etne vidaregåande skule er som kjent lagt ned frå og med skuleslutt 2017, og i samband med nedlegginga har ikkje Hordaland fylkeskommune lenger behov for sin seksjon 3 i Skakkesenteret.

Fylkeskommunen og Etne kommune har vore i dialog for å finne ei løysing der Etne kommune overtek fylkeskommunen sin seksjon i samsvar med gjenkjøpsavtalen som regulerer tilhøvet.

Alle føresegna i gjenkjøpsavtalen passer ikkje til dagens situasjon, og vi tek sikte på overtaking innan sommaren dette året. Vi vil dermed signere ein revidert utgåve av gjenkjøpsavtalen.

I vedtektene for *Sameiget Skakke – Senter for skule, idrett og kultur* er det i punkt 5 vist til gjenkjøpsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Etne kommune, og gjenkjøpsavtalen er eit vedlegg til vedtektene. Etter vår vurdering ligg det underforstått i dette at gjenkjøpsavtalen ikkje utløyser forkjøpsrett i punkt 5 og at punkt 2 om styregodkjenning ved eigarskifte ikkje kjem inn.

Vi ber om at de stadfestar denne forståinga, og dersom vi ikkje har fått tilbakemelding innan den 9. mars legg vi til grunn at de er einige i dette.

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

Kristoffer Gilhus  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*